

Installasjon av dokumentmal for Word 2016

Kopier fila *nyno_2016.dotm* til mappa der dei eigendefinerte Word-malane ligg. Er du i tvil, finn du plasseringa til malane slik i Word:

Fil
Alternativer
Lagre
Standardplassering for personlige maler

Dersom feltet står tomt, må du opprette ei mappe for malane og legge inn referanse til mappa i feltet.

Kopier deretter fila *nyno_2016.dotm* til mappe for personlege malar.

Dokumentmalen er signert.

Bruke mal på enkeltdokument

Når du lagar eit nytt dokument i Word, kan du velje Nyno-malen med

Fil
Ny

Du får opp ei oversikt over tilgjengelege malar, med hovudgrupper *Gjeldende* og *Personlig*.

Under *Personlig* skal du no finne Nyno-malen. Bruk denne for dokumentet ditt. Der kjem det no opp ei ny fane med tittel *Tillegg*.

For å starte omsetting av teksten, gå inn på *Tillegg* og vel makroen *Omset tekst med Nyno*.

Permanent bruk av Nyno i Word

Dersom du vil ha permanent tilgang til Nyno frå Word, må du i tillegg overføre makroar **og** eventuelt lage ei ny gruppe eller hovudkategori på bandet.

Overføre makroar

Opne dokumentmalen *nyno_2016.dotm* frå mappa der malane ligg. Gå til

Visning
Makroer
Vis makroer
Assistent

Til venstre i dialogboksen får du opp tilgjengeleg makrogruppe i *nyno_2016.dotm*, kalla Nyno3. Kopier denne over til *Normal.dotm* i ruta til høgre.

Lukk *nyno_2016.dotm* utan å lagre.

I alle dokument som bruker malen *normal.dotm* kan du no starte Nyno med makroen *StartNyno* frå lista over makroar under *Visning* / *Makroer* / *Vis makroer*.

Alternativt kan du gå til neste punkt 3 og legge makroane inn i ei ny gruppe.

Legge til ny gruppe

Du kan lage ny gruppe på

Fil
Alternativer
Tilpass båndet

Oversikt over alle hovudkategoriane med grupper kjem opp. Frå nedtrekkslista *Velg kommandoer fra* skal du

velje *Makroer*.

Det er ikkje mogleg å legge makroar inn i eksisterande gruppe, så du må anten lage ein ny hovudkategori eller ny gruppe under ein av dei du har frå før (knappar for dette nede til høgre). Kopier så makroane for Nyno over til denne gruppa.

Aktuelle problemområde

1. For å kunne starte Nyno frå Word, er det viktig å starte Nyno som separat program 1 gong først på den enkelte klienten. Dette for å oppdatere konfigurasjonsfila der Word hentar informasjon for å starte Nyno.
2. Dokumentmalen for Nyno har innebygde makroar. Malen er signert. Dersom du får feilmelding når du startar frå Word, sjekk tryggleiksnivået for makroar under

Fil

Alternativer

Klareringscenter

Dersom du ønskjer å overstyre meldingar om godkjenning av makrobruk, kan du legge inn plasseringa for personlege malar under menyvalet *Klarerte plasseringer* i *Klareringscenter*.